



Bygdanytt

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/401 - 23/15616

Saksbehandlar:
Dagrun Revheim
dagrun.revheim@osteroy.kommune.no

Dato:
30.06.2023

KUNNGJERING - kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 - utlegging av manntalet for Osterøy

Me ber om å få kunngjeringa nedanfor inn i dykkar avis, **onsdag 5. juli**. Kunngjeringa skal ha med vallogo og kommunelogo. Vallogo (med riksvåpen og tekst VAL) skal stå oppe til venstre, kommunevåpen må då stå nede under tekst. Ønskjer å få forslag til annonse til gjennomsyn.

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 Utlegging av manntalet for Osterøy

Du må stå in manntalet for å kunna røysta ved valet. Du kan sjølv kontrollera om du står i manntalet i Osterøy kommune. Manntalslistene ligg ute til offentlig ettersyn frå 14. juli og fram til valdagen 11. september. Alle med røysterett som er folkeregistrerte i Osterøy 30. juni i valåret er innførte i kommunen sitt manntal.

Står du i Osterøy sitt manntal kan du røysta i Osterøy kommune på valdagen, eller du kan førehandsrøysta.

Dersom du har flytta frå ein annan kommune, og Folkeregisteret ikkje har motteke flyttemeldinga innan 30. juni 2023, så står du framleis manntalsført i den kommunen du har flytta frå.. Då kan du velja om du vil røysta på valdagen i kommunen du har flytta frå, eller om du vil førehandsrøysta.

Den som meiner at han/ho eller ein annan urettmessig ikkje er kome inn i manntalet i kommunen, eller at det er andre feil i listene som ligg ute, kan krevja at valstyret rettar opp feilen. Krav om retting må vera skriftleg og grunngjeve, og må sendast til Valstyret i Osterøy kommune, Postboks 1, 5293 Lonevåg. Valstyret vil retta feil og oppdatera manntalet så langt det er mogeleg fram til valdagen.

Krinsmanntala for Osterøy kommune til Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 vil liggja til ettersyn på desse stadene:

Valestrand krins:	Coop Extra Valestrandsfossen
Hauge krins:	Coop Extra Valestrandsfossen
	Coop Extra Lonevåg
Lonevåg krins:	Coop Extra Lonevåg
Fotlandsvåg krins:	Joker Fotlandsvåg
Haus krins:	KIWI Haus
Bruvik krins:	Nærbutikken Bruvik
Hovudmanntalet:	Osterøy rådhus, servicekontoret

Valstyret i Osterøy kommune

Med helsing

Dagrun Revheim
Konsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakar:
Bygdanytt
Bygdnaytt